

Skulefråsegna er trekt

03.01.2013

Styret i Uskedalen utvikling har vedteke å trekkja uttalen som det kom med før jul om endring av skulestrukturen.

Det heiter i vedtaket at det skal skrivast ein grunngjeving for trekkjinga og uskedalen. no får opplyst at den kjem i morgon.

Referatet frå styremøtet er slik:

' Med bakgrunn i reaksjonar frå medlemene og slik saka har utvikla seg, ser styret i ettertid at fråsegner i saker med ulike syn treng ei grundig drøfting, eventuelt med vedtak på medlemsmøte.

Uttalen om samanslåing av skulane Uskedalen og Bringedalsbygda vart oppfatta og fekk ein annan verknad enn det styret hadde tenkt'.

Av Ola Matti Mathisen